

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
015/2019	Kommunestyret i Radøy	PS	20.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/892	19/7531

### Kommunal garanti for lån Aufera AS

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det ligg føre ny søknad om kommunal garanti for lån frå Aufera AS. Dette er eit fullt ut kommunalt eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Radøy har 47% av aksjekapitalen. Selskapet er ei godkjend VTA-verksemd.

Aufera AS søkte også om kommunal garanti i 2018 i samband med mogeleg overtaking av Manger Fiskeindustri sine lokale på Manger kai, men kjøpet vart ikkje realisert.

Denne søknaden gjeld overtaking av ein seksjon av gnr 45, bnr 264, der REMA 1000 tidlegare hadde lokale. Grunnflata er om lag 750m<sup>2</sup>, nær det doble av arealet i noverande lokale. Større lokale gjev høve til å auka omsetninga i vaskeriet, verkstaden og kjøkkenet. Det kan også bli høve til å etablere ein «kafékrok» i tilknytning til kjøkkenet. Aufera har stor tru på at nye, større og meir høvelege lokale vil gje grei auke av omsetnaden. Det er lagt fram drifts- og likviditetsbudsjett som syner at dei auka rente- og avdragskostnadene kan forsvarast.

Det må gjerast omfattande ombyggingsarbeid i nye lokale, og det er innhenta tilbod på arbeida, som totalentreprise. Kostnadene til kjøp av seksjonen er 7,9 mill, og kostnadene til ombygging er 4,6 mill, til saman 12,5 mill.

Noverande eigeendom i Mangersnesvegen har fått ein takst på 4 mill. Denne eigedommen skal seljast, og salssummen skal nyttast til nedbetaling av lån. Det er likevel uvisse knytt til faktisk salsverdi, og når eit slik sal let seg realisera.

Aufera AS søker såleis om kommunal garanti for lån kr 12,5 mill, med 30 års nedbetalingstid.

##### Vurdering

Når Aufera AS likevel søker om kommunal garanti, ser rådmannen dette i samanheng med at både styret og generalforsamlinga har uttrykt klår støtte til å kjøpa den aktuelle seksjonen. Rådmannen vurderer såleis søknaden om garanti først og fremst som ei politisk sak, der ein ønskjer å «sikra» eit VTA-tilbod for noverande Austrheim, Fedje og Radøy.

Rådmannen vil peika på at ein kommunal garanti utgjer ein økonomisk risiko, sjølv med pant i eigedommen. Rentekostnaden på eit lån på 12,5 mill er kr 250.000 det første året, og dette går rett på

«botnlina» i rekneskapen til Aufera . I praksis må omsetninga auka monaleg for å kunna dekkja inn denne meirkostnader. Avdrag vert ikkje kostnadsførte, men representerer ei årleg utbetaling på kr 416.666 i 30 år, og dette vil vera ein betydeleg likviditetsbelastning for selskapet. Rådmannen vil peika på styret i Aufera sitt ansvar for at selskapet faktisk er i stand til å greia denne auka belastninga over tid.

I samband med tidlegare sak om garanti for 2 mill, er det inngått avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstatert tap som følgje av garantien.

I «ytterste konsekvens» kan Radøy kommune risikera å tapa 47% av nær 14 mill, dvs om lag 6,6 mill. Rådmannen ser likevel denne risikoen som minimal. Skal ein først vurdera risiko, er det meir sannsynleg å tenkja ein situasjon der kommunen må dekkja t.d. ein avdragstermin på lånet som garantien er knytt til. Avtalen med Austrheim og Fedje tar ikkje opp i seg slike situasjonar, men dekkjer berre eit endeleg konstatert tap. Med så vidt lang garantitid som det er tale om her, må det difor etablerast ein ny avtale med Austrheim og Fedje, som også omfattar mogelege utbetalningar i garantiperioden.

Rådmannen føreset også at Radøy kommune får tinglyst pant i seksjonen for all garanti som er stilt, dvs 14,35 mill.

I høve til kommunesamanslåinga, vil Alver I prinsippet overta alle Radøy sine forpliktingar. Eigarskapsmeldinga for Alver skal opp til handsaming i fellesnemnda, og Aufera er nemnt som ei av verksemdene som må vurderast nærare. Dette skal etter planen gjerast i juni månad. Rådmannen ser likevel ikkje at denne handsaminga er noko hinder for å kunna gje kommunal garanti.

## **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering, går rådmannen inn for å gje kommunal garanti for Aufera AS I samband med kjøp av seksjon i gbnr 45, bnr 264 med kr 12,5 mill.

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon i gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalningar under garantien.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

### **Formannskapet i Radøy - 027/2019**

#### **FS - handsaming:**

Kirsti Gjetle Floen (AP) sit i styret i Aufera AS, og ba formannskapet vurdere hennar habilitetet i saka. Formannskapet erklært Floen inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og svara på spørsmål.

Formannskapet ser behovet for nye lokale til verksemda, og det vart peika kor viktig det er å ha denne typen arbeidsplassar.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

## **Kommunestyret i Radøy - 015/2019**

### **KS - handsaming:**

Kommunestyret tok stilling til inhabilitet hjå fleire av medlemmane i denne saka.

Vidar Grindheim (H) og Kirsti Gjetle Floen (AP) sit i styret i Aufera AS. Kommunestyret erklærte Grindheim og Floen inhabile, og dei deltok difor ikkje i handsaminga av saka.

Else Marie Skartveit Dale (KRF) og Josten Borlaug (AP) er medlemmar i representantskapet i Aufera AS. Kommunestyret kjende dei inhabile, og dei deltok ikkje i handsaminga av saka.

Morgan Taule (AP) er dagleg leiar i konkurrerande selskap, og ba kommunestyret vurdera habiliteten sin.

Kommunestyret kjende Taule inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Med 19 røyster (samrøystes) vedtok kommunestyret formannskapet si tilråding.

### **KS - vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.